



**Turleiarar:** Einar Vegge, Lauritz Haarr,  
Sissel Fylkesnes Våge og Sissel S. Gåsland

**Pris:** 4800,- kr. Prisen dekkjer reise,  
overnatting, omvising, spel og mat og  
alle måltid frå og med middag onsdag.

## PÅMELDING

Innan 23. mai 2025 til  
[sissel.vage@bomlo.kommune.no](mailto:sissel.vage@bomlo.kommune.no)  
eller telefon: 993 25 028

Husk også eiga reiseforsikring.  
Reisande frå Bergen som ynskjer å delta rekk  
utsendinga i Moster gamle kyrkje/amfi med  
hurtigbåt eller buss onsdag morgen. For forslag til  
reiserute ta kontakt med Regionalt pilegrimssenter i  
Bergen. Det vert sett opp skyss frå båtkai/  
busshaldeplass til Moster etter behov.

**Ta gjerne kontakt om du har spørsmål om turen.**

## Praktisk informasjon

**Plass:** 15 deltakarar på langturen

**Arrangør:** Kyrkjelydane på Bømlo.

Det er mogleg å bli med på dagsetappar  
undervegs. Alle velkomne!

**Overnatting:** Hotell/leirplass.

**Ta med:** Dagstursekk, termos, sitjeunderlag,  
høvelege klede og vanntette sko/fjellstøvlar  
til vandringane. Bagasjen elles vert  
transportert frå stad til stad.



## PILEGRIMSTUR

Moster - Halsnøy - Skånevik -  
Etne - Røldal

2. - 6. juli 2025



## PROGRAM FOR TUREN

### Onsdag 2.juli

Samling, omvising og utsending i Moster Amfi og Moster gamle kyrkje kl.10.30. Ferda går vidare med båt og buss til Halsnøy kloster. På Halsnøy vert det omvising på klosteret, samling og vandring i kulturløypa som ligg rundt klosteret. Frå Halsnøy set me kursen mot Skånevik. Her vert det middag i kyrkja og overnatting på Skånevik fjordhotell.

### Torsdag 3. juli

Vandring frå Skånevik til Etne langs den gamle postvegen. Turen tek 3-4 timer, middels tung. I Etne vitjar me Stødle kyrkje. Vidare går turen med buss til Utsikten på Seljestad, der det vert middag, kveldssamling og overnatting.



### Fredag 4.juli

Vandring frå Seljestad til Røldal. Transport med bil/buss frå Utsikten til starten av sti/veg. Her følgjer me gamlevegen og den gamle postvegen over fjellet, 3-4 t. I Røldal vert me ynskt velkommen i kyrkja. Etter velkomsten vert det middag på Skysstasjonen. Om kvelden ser me Røldalsspelet "Den lange vegen" som er ein moderne musical om pilegrimsvandringane til Røldal i åra 1230 til 1835. Billett til spelet er inkludert i deltakaravgifta.



### LAURDAG 5. JULI

Pilegrimsstemne i Røldal:  
Pilegrimsseminar, krossvandring (6 km) og midnattsmesse.

### SØNDAG 6. JULI

Frukost og avslutning på Utsikten.  
Bussen går tilbake til Moster.

